

## Utval for natur og næring har behandla sak 53/2023 i møte den 21.11.2023

### Behandling

Utvalet var på synfaring før saka vart tatt opp til diskusjon. Utvalsleiar Jon Anders Hefte orienterte om saka. Saksbehandlar svara på spørsmål.

Utvalet kom gjennom diskusjon fram til å gå for alternativ 1 i konklusjonen i saksframstillinga.

Desse hadde ordet: Jon Anders Hefte (Ap), Helge Feet (V), Aud Ingunn Narum (H), Karianne Østro (Ap), Herbrand Jegleim.

### Votering;

Einstemmig vedteke, 7-0.

### Vedtak

I

Utval for natur og næring godkjenner søknad om reguleringsendring for å fjerne krav til gesimshøgda for tomt 76 **i medhald av plan- og bygningslova § 12-14**. Grunngevinga er at tomta ligg på same høgdekoter som nabotomtene, og desse har ikkje krav til gesimshøgda.

II

Utval for natur og næring godkjenner søknad om reguleringsendring for å auke mønehøgda for tomt 73, 76 ,79, 80, 81 og 82 frå 5,5 meter til 5,9 meter **i medhald av plan- og bygningslova § 12-14**. Grunngevinga er at tomtene ligg lågt i terrenget, og at det er lite truleg at ei auke på 40 cm vil forringe utsynet på dei bakanforliggande tomtene. Den nye mønehøgda er innanfor rammene i kommuneplan.

